

# **Emnerapport**

## **HIS120 Fordypningsoppgave i historie for lærerutdanningen**

**Semester:** haust 2015

**Emneansvarleg:** Eyvind Urkedal York

### **Undervisningsopplegg**

HIS 120 er eit femstudiepoengsemne som blir tilbode studentar som går integrert lektorutdanning og som har historie som fag nummer to i utdanningsløpet. Studentane skal skrive éi oppgåve i løpet av semesteret, og undervisninga bestod av to seminar, eit i byrjinga av semesteret og ei etter innlevering av første utkast av oppgåva. I det første seminaret fekk studentane ei innføring i tema , og ikkje minst kva emnet går ut på og kva dei skal gjere. I det andre seminaret diskuterte studentane saman med emneansvarleg kva som er ei god og ei mindre god oppgåve med utgangspunkt i eksempeloppgåver. Studentane har også fått skriftleg rettleiing på dei to første oppgåveutkasta dei har skrive.

### **Pensum**

Pensum bestod av ei hovudbok og eit kompendium, 400 sider, som er grensa for eit femstudiepoengsemne, blanding av norsk og engelsk pensum.

### **Tilbakemelding og eksamensresultat**

Emnet dette semesteret har ikkje vore studentevaluert. Eksamensresultata var relativt gode. Dette har nok å gjere med vurderingsforma. Kun siste utkast har blitt vurdert i karaktersetjinga. Den vurderingsforma som har blitt valt i dette emnet, der studentane har fått skriftlege kommentarar og muligheiter for å levere inn to utkast før siste oppgåve vart levert inn, gir studentane muligheiter til å jobbe godt med stoffet og skrive gode oppgåver. Eg meiner dette også er ein god læreprosess for studentane.

### **Tiltak**

Til neste gong emnet skal gå bør sjølvle emneskildringa forbeholdt. På første seminar kom det fram at denne var noko uklar og lite konkret utifrå kva emnet går ut på og kva som blir forventet av studentane. Fleire gav uttrykk for at det verka utfordrande å skulle skrive såpass sjølvstendige oppgåver der dei sjølvle skulle forholde seg til primærkjelder og skrive sjølvstendige oppgåver basert på dette. Men etter kvart som studentane fekk sett seg inn i stoffet og fekk tilbakemelding undervegs, gjekk dette fint. Eit tips for neste emneansvarleg er å vere tydeleg og konkret i emneskildringa kva som blir forventet at studentane skal gjere i emnet.

**Eyvind Urkedal York**  
**Bergen, 14. januar 2016**